



FISKERIDIREKTORATET



Norges
forskningsråd



REGIONALT UTVIKLINGSPROGRAM FOR HORDALAND

2011



“Eit nyskapande Hordaland”

Regionalt utviklingsprogram er eit felles handlingsprogram for regional utvikling i Hordaland. Programmet skal særleg stimulere til næringsutvikling og nyskaping i heile fylket, og sikre at alle aktørane jobbar i lag for å styrke verdiskapinga. Regionalt utviklingsprogram er utvikla av Regionalt Næringsforum, og vedtatt av fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Bergen– mars 2011

TILRETTELEGGING FOR NÆRINGSUTVIKLING I HORDALAND

Det er gledeleg å registrera at pilane for næringsutvikling igjen peikar oppover i fylket vårt. Nokre bransjar som tenesteytande sektor og oppdrett har lenge hatt ei god utvikling, men no ser vi at også nøkkelbedrifter som dei store skips- og offshoreverfta rapporterar om nye oppdrag etter ein lang periode med ordretørke. Dette er svært gledeleg.

Regionalt utviklingsprogram setter mål og retning for alle som arbeidar med næringsutvikling i Hordaland. Dette mandatet er vidareført i "Regional planstrategi for 2010-2012" som blei handsama av fylkestinget i desember 2010. Planstrategien, som er fylkeskommunen sitt nye utviklingsverktøy for regional planlegging, slår fast at i perioden vil arbeidet med til saman 8 regionale planar bli starta opp. Ein av desse er ein ny Regional næringsplan, som vil trekke opp dei langsiktige rammene for arbeidet med næringsutvikling i fylket vårt. Regionalt utviklingsprogram vil då inngå som eit hovudelement i det årlege handlingsprogrammet for næringsplanen.

Fylkeskommunen har ansvar for fleire samfunnsoppgåver som legg svært viktige rammer for næringsutviklinga som til dømes vidaregåande opplæring, vegutbygging og kollektivtrafikk. Det er då hyggelig å sjå at vi er i stand til å levere på desse områda. Eksemplar på dette er to heilt nye vidaregåande skular (Nordahl Grieg og Osterøy) pluss oppgraderingar og nybygg ved ei rekkje andre skular rundt om i fylket. Vi har også starta opp Bybanen i Bergen og fullført byggesteg 1 på Ringveg vest. Fylkeskommunen vil halde fram med å levere på desse områda og har i langtidsbudsjettet for 2011-2014 mellom anna investeringsrammer på 2 milliardar til nye skulebygg og 2,9 milliardar til nye vegar rundt om i fylket.

Like viktig er det å trekke fram det gode samarbeidet vi har med alle våre partnarar for å få til ein sterkast mogleg næringsutvikling i fylket. Utan dette samarbeidet vil det vere umogleg å gjennomføre alt det gode arbeidet innanfor viktige innsatsområde for næringsutvikling som entreprenørskap, innovasjon, næringsretta kompetanseutvikling og internasjonalisering. Eg ser fram til eit nytt år med spanande og fruktbart samarbeid på desse områda.

Torill Selsvold Nyborg
Fylkesordfører



INNHALD

TILRETTELEGGING FOR NÆRINGSUTVIKLING I HORDALAND	3
OM REGIONALT UTVIKLINGSPROGRAM 2011	6
OM REGIONALT NÆRINGSFORUM I HORDALAND	6
1 HORDALAND – VARIERT OG FRAMTIDSRETTE	9
2 NÆRINGSPOLITISKE UTFORDRINGAR	10
3 MÅL OG STRATEGIAR FOR REGIONAL NÆRINGSUTVIKLING	13
4 PRIORITERTE INNSATSOMRÅDE I 2011	14
A NÆRINGSRETTE KOMPETANSE	14
B ENTREPRENØRSKAP OG INNOVASJON	15
C INTERNASJONALISERING	15
D LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN	16
E NÆRINGAR MED SÆRLEGE FØREMONAR	17
E1 Energi	17
E2 Marine næringar	18
E3 Maritime næringar	19
E4 Reiseliv	20
E5 Kulturnæringar	21
E6 Landbruk	22
5 REGIONALE NÆRINGSRETTE VERKEMIDLAR	23
5.1 Budsjettpostane under Regionalt utviklingsprogram 2011	23
5.2 Andre regionale næringsretta verkemidlar	27
6 VEDLEGG	28

OM REGIONALT UTVIKLINGSPROGRAM 2011

Hordaland fylkeskommune legg med dette fram Regionalt Utviklingsprogram for Hordaland 2011 (RUP 2011). Programforslaget er utarbeidd av Regionalt næringsforum og blei vedtatt av fylkesutvalet 24. feb. 2011. Vi inviterer til å spele inn forslag om prosjekt og satsingar som kan vere med og realisere målsettingane programmet.

OM REGIONALT NÆRINGSFORUM I HORDALAND

Regionalt Næringsforum (RNF) er partnerskapen for næringsutvikling i Hordaland. RNF skal sikre at viktige aktørar jobbar på lag for å fremje innovasjon og verdiskaping i heile fylket. Regionalt Utviklingsprogram er vårt felles handlingsprogram for regional utvikling, og gjev retning og retningsliner for bruk av offentlege verkemiddel i dette arbeidet.



Strategi- og næringsdirektør
Jan Per Styve
Hordaland fylkeskommune (leiar)



Fylkesutvalsmedlem
Pål Kårbo
Hordaland fylkeskommune



Ordfører
Inge Reidar Kallevåg
Kommunenes Sentralforbund



Landbruksdirektør
Ole Bakkebo
Fylkesmannen i Hordaland



Fylkesutvalsmedlem
Torill Vebenstad
Hordaland fylkeskommune



Opplæringsdirektør
Inger Øvsthus-Tønder
Hordaland fylkeskommune



LO-sekretær
Roger Pilskog
LO Hordaland



Direktør
Nina Broch Mathisen
Innovasjon Norge i Hordaland



Næringsjef
Mette Nora Sætre
Hordaland fylkeskommune



Regiondirektør
Tom Knudsen
NHO Hordaland



Regiondirektør
Hans Cato Haddal
Fiskeridirektoratet region Vest



Rektor
Sigmund Grønmo
Universitetet i Bergen



Spesialrådgjevar
Atle Markussen
Norges forskningsråd, Hordaland



Direktør
Anne Kvernland Bognes
NAV, Hordaland



Næringsjef
Elin Sjødin Drange
Bergen kommune



Sekretariat:
Senior rådgjevar
Arthur Kristian Arnesen
Hordaland fylkeskommune



HORDALAND – VARIERT OG FRAMTIDSRETTA

Hordaland har eit variert og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv. Bredda i næringslivet er ein styrke når konjunkturane skiftar. For mange bransjar og bedrifter begynner no pilane igjen å peike oppover. I følgje Næringsbarometeret venter fleirtalet av bedriftene ny vekst i 2011. For nokre bedrifter og lokalsamfunn vil også 2011 bli krevjande. Med ein visjon om å vere mellom dei mest innovative regionane i Europa, synast no tida å vere riktig for å stimulere til utvikling av det som skal gje framtidig sysselsetting og verdiskaping i fylket. Kor sterkt står vi for å stimulera til ein ønska utvikling og kor må vi leggje inn ekstra innsats.

STERK OG RESSURSIK

Hordaland er ein ressursrik og sterk region med store naturressursar, omfattande energi-produksjon, sterke industri- og næringsmiljø og mange viktige kompetansmiljø. Fylket har eit svært variert næringsliv og fleire internasjonalt sterke sektorar som t.d. finans, maritim sektor, olje- og gassektoren særleg med subsea klynga, marin sektor og reiseliv. Den omfattande kompetansen og de store naturressursane gir svært gode føresetnader for auka verdiskaping og innovasjon, sjølv i nedgangstider.

INDUSTRIEN ER IGJEN I SIGET

Hordaland er eit av dei største eksportfylka i Noreg. Den internasjonale finanskrisa førte til tilbakegang i internasjonale markadar som igjen påverka næringslivet i fylket negativt. Siste utgåve av Næringsbarometeret viser at store delar av næringslivet inkludert delar av eksportindustrien igjen forventar vekst i 2011. Innafor delar av smelteverksindustrien og maritim sektor vil det likevel framleis vere utfordrande i 2011. Marin sektor og særleg

lakseoppdrett har hatt ei god utvikling og utsiktane framover er også gode. Bygg- og anleggsnæringa er også ute av krisa og tenes- teytande sektor ser ut til å vekse vidare. Det er ikkje venta noko auke i arbeidsløysa for 2011.

SPANANDE UTVIKLINGS- MOGLEGHEITER

Alle dei sterke næringsklyngene har føresetnader for internasjonalt konkurransedyktig innovasjon og verdiskaping. Klimautfordringa gir grunnlag for satsing på ny spanande miljøteknologi og nye berekraftige energikjelder. Testsenteret for CO2 reinsing på Mongstad, ny brenselcelleteknologi og offshore vind er døme på nye satsingsområde i fylket. Klima- utviklinga kan også gje matproduksjonen betre rammevilkår. Eldrebølgja og helsesektoren representerer svært interessante nye område for innovasjon og verdiskaping i næringslivet.

FRAMLEIS ROM FOR FORBETRINGAR

Sjølv om den sterke veksten i folketalet i fylket held fram, opplever fleire delar av fylket framleis stagnasjon eller nedgang i folketalet, svikt i talet på arbeidsplassar og manglar innan kommunikasjon og samferdsle. Det er viktig å medverke til at forskings- og utdanningsmiljøa i fylket står fram som koordinerte kraftsentra for entreprenørskap, innovasjon og utvikling av dei sterke næringsmiljøa i fylket. Samstundes er det også viktig å medverke til at næringslivet står fram som ein krevjande bestillar og brukar av dei sterke forskings- og utdanningsressursane i fylket. Dei fleste aktørane i fylket har fortsett mykje ugjort i arbeidet med å tiltrekke seg talenta, investorane og dei nye verksemdene.

NÆRINGSPOLITISKE UTFORDRINGAR

Regionalt Utviklingsprogram skal søkje å møte utfordringane for næringslivet og i samfunnsutviklinga elles i året som kjem. For å gjere dette tek vi utgangspunkt i dei viktigaste kreftene vi meiner påverkar denne utviklinga.

Dette kapittelet skildrar 5 hovudutfordringar som vil prege næringspolitikken for Hordaland fremover. I Kap 4 vil det bli fremja forslag til innsatsområde for å møte desse



Foto: Ingvar Nistad

utfordringane. Slik ønskjer ein å gje bedrifter og lokalsamfunn i Hordaland særlege føremoner i åra framover.

UTFORDRING 1: ARBEIDSKRAFT

NAV forventar uendra arbeidsløysa i Hordaland i 2011 og einskilde bedrifter vil mangle kvalifisert arbeidskraft. Korleis klarar vi å tilfredstille næringslivet sitt behov for ny kvalifisert arbeidskraft og få ned arbeidsløysa?

Sjølv om arbeidsløysa auka frå 2009 til 2010, er Hordaland blant fylka med lågast arbeidsløysa med 2,6%. Det er venta at utviklinga i nye arbeidsplassar vil vere positiv i 2011 mellom anna som følgje av at viktige næringar for

Hordaland no ser meir positivt på utviklinga. I følgje Næringsbarometeret melder om lag 15 % av bedriftene at dei har ledige stillingar som følgje av problem med å rekruttere rett kompetanse. Innafor industri, bygg og anlegg, reiseliv og varehandel melder bedriftene om problem med å få tak i fagfolk. Særleg gjeld dette teknologisk kompetanse og nokre grupper fagarbeidarar.

Truleg vil mobiliteten i arbeidsmarknaden framleis vere avgrensa, då folk heller står i jobben for å avvente konjunkturutviklinga. Behovet for ny arbeidskraft må difor i stor grad bli oppfylt gjennom å få nye grupper i arbeid og ved tilflytting. Bedriftene peiker i Næringsbarometeret på behovet for omdømmebygging, fleire lærlingeplassar og kompetanseutvikling i bedriftene som sentrale verkemiddel for å betre på situasjonen.

UTFORDRING 2: BEREKRAFT

Næringslivet er ikkje berekraftig nok.

Klimautfordringa representerer eit kommersielt potensiale for Hordaland.

Klimaendringane fører oss mot eit grønt paradigmeskifte med store verknader for næringslivet i Hordaland. Eit berekraftig næringsliv tek hand om menneskelege ressursar, er miljøvenleg og har økonomisk toleevne til å handtere endringar i marknaden. Klimaplanen for Hordaland peikar på spanande moglegheit for ny næringsutvikling til dømes knytt til CO₂-satsinga på Mongstad og nye forretningskonsept utvikla i nært samarbeid med FoU sektoren. Dette gjev Hordaland gode føresetnader for entreprenørskap og innovasjon innan miljøteknologi.

Klimautfordringa krev overgang til fornybar energi på fleire område. Det vil medvirke til auka satsing og nye forretningsmoglegheiter knytt til fornybar energi. I Hordaland ser vi no kimen til ei tung satsing på bygging og drift av havvind parkar kor kompetansen frå olje- og gassektoren blir nytta til å produsere fornybar

energi. Klimaendringane kan også bli både ei utfordring og ein moglegheit for utvikling av landbruket i Hordaland.

UTFORDRING 3: TILTREKKINGSKRAFT

Urban tiltrekkingskraft påverkar arbeidsmarknad og busetnad i regionane. Samstundes er eit attraktivt Bergen ein konkurranseføremon for heile fylket.

Den langsiktige utviklinga er prega av ei svært ulik utvikling mellom kommunane i Hordaland. Dette kjem til syne i nasjonale analysar som Attraktivitetspyramiden frå Telemarksforskning som måler attraktivitet som bustad,



for besøkande og for bedriftene. Analysen viser svært stor spreing i attraktivitet i Hordaland. Medan dei høgast rangerte kommunane som Fjell, Modalen, Lindås, Fusa, Os og Askøy er blant dei 10 % beste i Noreg, ligg andre kommunar som Vaksdal, Granvin og Fedje blant dei 10 % lågast rangerte. Vekstfremjande tiltak, som til dømes LivogLyst satsinga, bruk av Omstillingsmidlane og auka løyvingar til regionale næringsfond, er meint å motverke denne utviklinga.

Eit attraktivt Bergen auker "tiltrekkingskrafta" for fylket totalt og kan gje positiv effekt også for mindre attraktive kommunar. Nærleiken til byen kan i mange høve vere ein føremon for



Foto: Ingvar Nistad

distrikta. Satsinga i Hordaland må difor prioritere utfyllande og gjensidig forsterkande tiltak for både by og land. Alle kommunane i fylket må difor framleis søkje å tiltrekke seg talent, studentar, kreative personar, forskning, nye bedrifter og investorar, på sine premisser. Den nye grafiske profilen for Bergensregionen, som er utvikla og tatt i bruk av Business Region Bergen, er eit viktig hjelpemiddel for å få dette til.

UTFORDRING 4: MARKNADSKRAFT

Ein stadig meir open og dynamisk marknad krev kontinuerleg kompetanseutvikling og innovasjon. Samstundes er globaliseringa ei viktig drivkraft for auka nyskaping og utvikling av internasjonal kompetanse.

Bedriftene våre deltek i stadig aukande grad i ein global marknad. Den internasjonale konkurransen krev at dei må ligge i førekant og ha unike produkt og tenester. Fokus på nyskaping og innovasjon i eksisterande bedrifter må kombinerast med kunnskap om internasjonale marknader.

Eksportindustrien på Vestlandet har lange tradisjonar for internasjonalisering innan fleire bransjar og har minst like stor evne og kraft til omstilling som sine internasjonale konkurrentar. Innovasjon og vellukka internasjonalisering vil framleis vere ei hovudutfordring for eksportindustrien sjølv om konjunkturane no ser ut til å snu.

I følgje Næringsbarometeret forventar meir enn 60 % av bedriftene i reiselivsnæringa ny vekst igjen i 2011. Sjølv om mange av dei tradisjonelle marknadane, særleg i EU, framleis slit med etterdønningar av finanskrisa er interessa frå "utviklingsøkonomiane" stor.

UTFORDRING 5: UTVIKLINGSKRAFT

Gode resultat må forsvarast og sterke bransjar må vidareutviklast for å skape ny vekst. Sterke klynger og forskingsmiljø gir samstundes eit unikt grunnlag for entreprenørskap og innovasjon.

I Hordaland er det fleire internasjonalt sterke næringsmiljø og klynger med leiande bedrifter, som til dømes innafor maritim sektor, marin sektor, olje/gass og reiseliv. I andre sektorar er det spire til nye sterke næringsmiljø. Fylket har også sterke forskings- og utdanningsmiljø. Samla gjev dette eit unikt utgangspunkt for

vidare utvikling i form av entreprenørskap, auka innovasjon og tiltrekking av nye aktørar til klyngene. Gode eksempel på at det er ei positiv utvikling er nye Arenaprojekt innafor til dømes offshore vind og media/IKT.

Det er ei sentral utfordring for næringspolitikken i Hordaland å vere proaktiv i høve til skiftande utfordringar i næringslivet. Store, dominerande arbeidsplassar eller utsette næringer gjer einskilde regionar og lokalsamfunn meir sårbare enn andre. Samstundes er det ei stor utfordring, særleg i dei sentrale områda, å få sett av tilstrekkeleg næringsarvel til å møte det langsiktige behovet eit veksande næringsliv har.



Foto: Tom Haga/olf.no

MÅL OG STRATEGIAR FOR REGIONAL NÆRINGSUTVIKLING

Det skal utarbeidast ein ny regional næringsplan for Hordaland. Inntil den er utarbeidd har fylkes-tinget bestemt at visjonar, mål og strategiar i gjeldande fylkesplan skal vere førande for nærings- politikken i Hordaland.

VISJON Hordaland skal vere mellom dei mest innovative regionane i Europa i næringar der fylket har særlege føremoner med vekt på lønsemd, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling.

MÅL FYLKESPLAN FOR HORDALAND FASTSET SLIKE MÅL FOR ARBEIDET MED NÆRINGSUTVIKLING:

- Lokalsamfunna skal ha livskraftig næringsliv, basert på eigne føremoner og særtrekk, og som grunnlag for gode arbeidsplassar
- Innovasjonen skal aukast i eit samspel mellom næringslivet, FoU - miljøa og offentlege styresmakter
- Potensialet for verdiskaping skal utløysast i næringar der vi har særlege føremoner
- Hordaland skal ha best mogleg rammevilkår for framvekst av næringsliv, som kompetanse, kapital og infrastruktur
- Hordaland og Bergen skal framstå som attraktive for lokalisering av hovudkontorfunksjonar
- Talet på nyetableringar i regionen skal aukast

STRATEGIAR

Desse strategiane skal følgjast i arbeidet:

Rammevilkår

- Påverke statlege styresmakter
- Samordne verkemiddelbruken
- Leggje til rette for investeringar frå offentleg og privat kapital i verksemdar med vekstpotensial
- Utarbeide strategi for lokalisering av hovudkontorfunksjonar

Næringar med særlege føremoner, og som det skal satsast på

- Energi
- Marine næringar,
- Maritime næringar,

- Reiseliv
- Andre vekstkraftige næringar

Innovasjon

- Aktiv bruk av ny kunnskap
- Stimulere til innovasjonskultur
- Leggje til rette for næringsklynger og næringsnettverk
- Utvikle etablerarkultur

Livskraftige lokalsamfunn

- Utvikle samspelet mellom landbruk, kultur og reiseliv
- Næringsvenleg offentleg sektor

KUNNSKAP OG KOMPETANSE

Hordaland skal vere ein lærande region der kompetanse vert systematisk utvikla og nytta i eit samspel mellom dei som tilbyr utdanning og opplæring, arbeidslivet, organisasjonane og den enkelte innbyggjar.

For arbeidet med næringsutvikling inneber dette særleg satsing på:

- Samhandling mellom kunnskapsmiljø og næringsliv
- Entreprenørskap i utdanninga
- Utvikling av vidaregåande skular som ressursentra for lokalsamfunnett
- Sikring av kunnskaps- og kompetanse- miljø med internasjonal forankring og relasjonar

FORANKRING I HØVE TIL ANDRE REGIONALE PLANAR OG STRATEGIAR

I tillegg til mål og strategiar i fylkesplanen vert det lagt til grunn at Regionalt utviklingsprogram skal medverke til å oppfylle mål og strategiar i andre regionale planar og strategiar. Dei mest relevante er Klimaplanen for Hordaland og Regional forskingsstrategi for Hordaland, begge utarbeidd av fylkeskommunen, og Strategisk næringsplan for Bergensregionen, utarbeidd av Business Region Bergen (BRB).

PRIORITERTE INNSATSOMRÅDE I 2011

Mål og strategiar for næringspolitikken i Hordaland spenner breitt, og krev aktiv innsats på mange felt. Den tematiske satsinga i næringspolitikken for Hordaland er langsiktig sjølv om utfordringane for næringslivet i fylket er i stadig endring. Det er difor naudsynt å målrette innsatsen kvart år. Nytt tema for 2011 under avsnittet om Næringar med



Foto: Tom Haga/olf.no

særlege føremoner og fokus er avsnittet om Landbruk. Grunnen til dette er at fylkeskommunen har fått eit utvida medansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken i Hordaland.

Målrettinga av innsatsen for kvart år innafør den tematiske satsinga skjer gjennom prioritering av definerte innsatsområde.

ANÆRINGSRETTA KOMPETANSE

Kompetanse er ein viktig føresetnad for verdiskaping og innovasjon. Hordaland har mange og viktige utdannings- og forskingsmiljø. Det er viktig at ny kunnskap vert gjort relevant og teken i bruk av næringslivet. Slik rustar bedriftene seg i ein stadig meir krevjande marknad.

Det vil også i 2011 vera stor etterspurnad etter kvalifisert arbeidskraft i mange bransjar og ein må ta grep for å vere attraktiv i konkurransen om den beste arbeidskrafta.

Område med innovative miljø og profilar har auka attraktivitet på bustad- og arbeidsmarknaden. Samstundes blir utfordringa m.a. innan landbruk, service og offentleg sektor å skape kompetansedrivande utvikling. I fleire område vil det være naturleg å sjå busetnad og kompetansebasert arbeidsmarknad i samanheng i lokalsamfunnsprosessane.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Utvikle og bruke vidaregåande skular som lokale ressursentra for næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling. Målet er at alle skulane skal tilby opplæring i entreprenørskap.
- Utvikle tiltak som aukar samhandlinga mellom næringsliv og kunnskapsinstitusjonane. Det er viktig å medverke til næringsretta kunnskapsproduksjon, forskning og formidling.
- Utviklingsarbeid i kommunane som styrkjer deira rolle som tilretteleggjarar og medspelarar for lokal næringsutvikling, og som kan fremje ein næringsvenleg offentleg sektor.
- Vidareutvikle karriererettleiing for elevar og vaksne, med særleg fokus på utdanningsprogram/yrkesopplæring og med informasjon om arbeidslivet sine rekrutteringsbehov.
- Styrka tilbod til ungdom som ønskjer fagopplæring og lærlingplass.

B ENTREPRENØRSKAP OG INNOVASJON

Entreprenørskap er avgjerande for å få fram dei nye bedriftene som skal sikre den framtidige verdiskapinga i heile fylket. Derfor må det satsast på tiltak som kan fremje entreprenørskapskultur og entreprenørkunnskap. Det er særleg viktig å leggje til rette for satsing på kvinner og ungdom. Etablerarar må sikrast kyndig rettleiing og hjelp i alle fasar og i alle regionar i fylket. Det er viktig at mangfaldet av tiltak for entreprenørskap som blir sett i verk i Bergen også blir gjort tilgjengeleg for heile fylket.



Foto: Simen Malmin/Kom-an.no

Hordaland har sterke næringsklynger og forskingsmiljø og dermed eit særst godt grunnlag for entreprenørskap og innovasjon. Det er viktig å medverke til at nye og etablerte bedrifter samarbeider med kompetansmiljøa i fylket om produktutvikling, innovasjon samt om konkurransedyktig miljøvenleg teknologi.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Vidareføre arbeidet for å forbetre og synleggjere entreprenørskapsarbeidet i fylket, sikre god koordinering av det regionale og kommunale verkemiddelapparatet og ei kompetent førstelinjeteneste for etablerarar. Arbeidet skal gjerast i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen i Hordaland under paraplyen Lokalsamfunnsutvikling i kommunane (LUK), og ha eit sterkt brukarretta fokus, mellom anna gjennom den felles nettportalen kom-an.no.

- Medverke til å auke talet på vekstentreprenørar gjennom tilførsle av kompetanse, nettverk, finansiering og styrking av infrastrukturen for utvikling av vekstentreprenørar. Viktige fokusområde er inkubatorar, næringshagar, FoU, utviklingsselskap og kapitalaktørar.
- Støtte tiltak som fremjar innovasjon i eksisterande bedrifter. Auka satsing på entreprenørskap med utgangspunkt i klima- og miljøutfordringar.
- Fremje kunnskapsutvikling, innovasjon og verdiskaping gjennom regional samhandling og ein forsterka FoU – innsats i og for regionane. Aktivitetar knytt til programma "Verkemiddel for regional FoU og innovasjon" (VRI), Norwegian Centre of Expertise (NCE), ARENA-prosjekt og Regionalt forskingsfond skal ha særleg prioritering. Internasjonal utveksling av erfaring med regionale innovasjonsverkemiddel er ynskjeleg.
- Kvinner og ungdom skal vere prioriterte målgrupper i verkemiddelbruken.

C INTERNASJONALISERING

Aukande globalisering fører til auka konkurranse. Det er avgjerande for vidareutvikling, både av den einskilde bedrift og av regionen sine offentlege aktørar, å utvikla partnarskap og samarbeida om felles utfordringar internasjonalt. For bedriftene handlar det særleg om samhandling med utdanningsinstitusjoner og FoU-miljø, og om gjensidig overføring av kunnskapar og erfaring gjennom deltaking i industrielle nettverk. Bedrifter må i større grad enn før vera førebudde på rask tilpassing og omstilling for å lukkast i ein globalisert og sterkt konkurranseprega marknad. Dette krev at vi i endå større grad enn før set søkelyset på entreprenørskap og innovasjon, at vi blir gode på kulturforståing, og at vi tileignar oss



Foto: Chiara Valdsolo

nødvendig kunnskap i alle ledd av verdiskapingskjeda.

Det er eit klart uttrykt ønske om å styrka det internasjonale arbeidet gjennom å vera aktiv medspelar på dei arenaene der vi alt er etablert, men også engasjera oss på nye både i Europa og i resten av verda kor vi fylket har særlege interesser å ivareta. I dette arbeidet skal vi gjera oss nytte av Vest-Noregs Bruselkontor sin kunnskap, vera i nær dialog med utvalde samarbeidsregionar, og elles vera synlege i dei internasjonale organisasjonane der HFK er medlem. I 2010 blei fylkeskommunane deleigarar i Innovasjon Norge. Dette gjev høve til auka samarbeid med Innovasjon Norge sine 33 utanlandskontor i det internasjonalt retta næringsutviklingsarbeidet.

Ein premiss for framtidretta næringsutvikling er å leggje til rette for at ungdom og utdanningssøkande deltek i denne globaliserte kunnskapsutviklinga, både gjennom konkrete opplærings tiltak og ved å delta på dei meir uformelle læringsarenaene.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Medvirke til at bedrifter i heile verdiskapingskjeda kan lukkast internasjonalt gjennom auka marknadskompetanse, auka internasjonal kompetanse generelt, og ved deltaking i EU-program som INTERREG, CIP (Competiveness and Innovation Programme) og Leonardo programmet.
- Sikre god internasjonal forankring av aktuelle, nasjonale satsingar som " Verkemidlar for regional FoU og innovasjon" (VRI), Regionale forskingsfond (RFF), Norwegian Centre of Expertise (NCE), og ARENA-prosjekt.
- Leggja grunnlag for næringsretta prosjekt og utviklingsarbeid saman med Hordaland fylkeskommune sine internasjonale samarbeidsregionar i alle delar av verda, med fokus på dei prioriterte næringane i Regionalt utviklingsprogram.
- Støtta opp under framtidig næringsutvikling i alle delar av fylket gjennom å auka den internasjonale kompetansen hos unge
- Medvirke til å styrke offentlege tenester retta mot nyttilflytta internasjonal arbeidskraft.

D LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN

Eit livskraftig Hordaland krev at by og bygd er attraktive å leve og bu i for eit breitt mangfald av grupper i samfunnet. Det må satsast på vidareutvikling og fornying av det lokale næringslivet, gode tenester, lokale tilbod, møteplassar og stadutvikling. Kommunane si rolle som utviklingsaktørar er sentral i tilrettelegginga for lokalt forankra mobiliseringsprosessar retta mot både entreprenørskap, trivsel og bulyst, inkludering, identitetsskaping og omdømebygging.

Satsinga på livskraftige lokalsamfunn vil i 2011 bli sterkt prega av ei satsing på kommunar som lokale utviklingsaktørar (LUK). Det vert her viktig å styrke koordineringa mellom satsingane Kom-an.no, LivOGLyst og Kommune-prosjektet. Det er vidare sentralt at dei tre regionale aktørane, Fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Fylkesmannen arbeider for å



koordinere sine satsingar slik at den regionale partnarskapen står fram som ein felles portal inn mot verkemiddelapparatet.

Lokal eigenart er i kontinuerleg endring og må skapast og kommuniserast positivt i samspel med andre. Entreprenørskap og samarbeid innan opplevingsbasert næringsliv, geoturisme, tradisjonelt landbruk og landbruksrelatert næringsutvikling, er viktige satsingsområde. Det er viktig å stimulere til prosessar som lettar transportsystema og betrar annan infrastruktur, som til dømes utvikling av velfungerande IKT-løysingar i heile fylket.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Vidareutvikla regionalt og lokalt samarbeid om fellessatsingar som LUK-programmet som er ei felles satsing mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge og Fylkesmannens i Hordaland.
- Medverke til lokalt entreprenørskap og inkluderande lokalsamfunn i byar og bygder, samt til lokalt/regionalt utviklings- og omstillingsarbeid i område som opplever nedlegging av arbeidsplassar og fråflytting. Det vert særskilt viktig å sikra at migrantar, kvinner og unge vert del av satsinga på lokalt entreprenørskap og identitetsskaping.
- Nettportalen www.Kom-an.no for entreprenørskap og lokalsamfunns- og bygdeutviklingstiltak i Hordaland skal utviklast vidare som ein reiskap i realiseringa av livskraftige lokalsamfunn og styrka dialog desse imellom.
- Vidareutvikle det regionale programmet LivOGLyst og kompetansepakane innan lokal samfunnsutvikling og entreprenørskap for kommunane så vel som for lokale prosjekt. I 2011 vil det i LivOGLyst-programmet bli retta auka fokus mot større lokalsamfunn. Programmet vil leggje til rette for skreddarsaum mellom nasjonale, regionale og lokale satsingar gjennom tett dialog partane mellom.



- Tettstad- og nærmiljøutvikling som medverkar til at sentra, tettstader og lokale område blir meir attraktive og næringsvenlege, mellom anna gjennom satsing på gode møtestader og kulturbasert næringsutvikling.

- Stimulere kulturmiljø, gardsturisme og grøn næringsutvikling som innsats i reisemåls- og bygdeutvikling til dømes gjennom landskapsparkar.



E NÆRINGAR MED SÆRLEGE FØREMONAR

Næringane med særlege føremonar og fokus er viktige for Hordaland både når det gjeld sysselsetting og verdiskaping. Tabellen på side 22 viser nøkkeltal for desse næringane.

E1 ENERGI

Klimautfordringa representerer eit stort kommersielt potensiale for næringslivet i Hordaland. CO₂-satsinga på Mongstad, klimaforskning i verdensklasse i Bergen og relevant FoU gjev Hordaland gode føresetnader for entreprenørskap og innovasjon innan miljøtilpassa energiproduksjon.

Industrien i Hordaland må utviklast i samband med utvinning, ilandføring og foredling av olje og gass og leverandørindustrien, spesielt må subsea satsinga framleis styrkast.

Arbeidet med auka innovasjon og internasjonalisering gjennom meir samspel og nettverk mellom bedrifter innan den energirelaterte verdikjeda må halde fram. Det er vidare viktig å styrkje samarbeidet mellom aktuelle FoU miljø og bedriftene, gjerne gjennom særlege kompetansetiltak.

Potensialet for småskala vasskraft er stort i Hordaland, vindressursane onshore og off-

shore kan temjast og unytta skogressursar kan foredlast til bioenergi. Dei rike energiresursane kan med berekraftig utnytting auka produksjonen av fornybar energi i fylket og gje grunnlag for lokal verdiskaping med lang-siktig vinst for både miljø og samfunn.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Stimulere til meir forskning og innovasjon i energisektoren for å få fram nye innovative klimaløysingar inkludert utvikling og demonstrasjon av ny teknologi, nye bedrifter og nye kunnskapsmiljø som til dømes eit senter for industriell drift & vedlikehald knytt til energisektoren og maritim sektor. Vidare utvikling av etablerte miljø som forskingssenteret "Centre of Offshore Wind



Energy", arenaprosjektet "Norwegian Offshore Vind" og NCE Subsea er også viktig.

- Stimulere til auka berekraftig energiproduksjon og produksjon av fornybar energi slik som brenselcelleteknologi, småkraftverk, havvind, biovarme og biogass i fylket.
- Arbeida for at kunnskapsmiljøa og bedriftene får ta del i arbeidet med utvikling og etablering av ny reinseteknologi for CO2 på Mongstad, med særleg fokus på næringsutvikling.
- Stimulere til auka leveransar frå verksemdar i Hordaland både til olje- og gassektoren og til vindsektoren internasjonalt, gjennom samarbeidstiltak og auka innovasjons- og kommersialiseringsevne i leverandørindustrien.

E2 MARINE NÆRINGAR

Hordaland er ein sterk fiskeriregion og eit viktig oppdrettsfylke. Næringa er sentral for samfunnsutviklinga i store deler av regionen. Bergen har internasjonal tyngde innan marin forskning.

Oppdrettsnæringa har særlege utfordringar i høve til fiskehelse, omsyn til berekraft og optimal lokalisering. Mangel på kunnskap om grunnlaget for berekraftig navbruksproduksjon, fører til at det vert lagt stramme rammer for vekst i fylket.

Pelagisk sektor har potensiale for høgare verdiskaping gjennom betre bruk av restråstoff og produktutvikling. Biomarin sektor har og potensial for auka verdiskaping gjennom utviklinga av nye produkt. Det er vidare viktig at kystfiskarane får gode høve til å utøve si næring i vårt område. Kopling mellom lokale fiskarar og reiseliv kan auka lokal verdiskaping.

Hordaland samarbeider med nabofylka om næringsutvikling og verdiskaping basert på marin fisk og skjel i Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsarter. Det vert framleis fokus på å betre rammeføresetnader og kunnskapsutvikling på feltet.

Bedriftene innan marin sektor opererer i hovudsak i ein internasjonal marknad som krev høg kompetanse og kontinuerleg innovasjon. Teknologiutvikling, berekraft og marknadstilpassa produksjon er sentralt for å skape ei framtidretta næring. Fiskeri- og kystdepartementet sin innovasjonsanalyse i 2010 peikar også på behovet for kvalitet gjennom heile verdikjeda og langsiktige gode differensieringsstrategiar. For å klare dette må sektoren vidareutvikle samarbeidet med kunnskapsmiljøa og leggje vekt på utdanning og kompetanseheving innan marin sektor. Det vert vektlagt å auke kvinneandelen i sektoren.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Berekraftig havbruksnæring: Utvikle og ta i bruk kunnskap om berekraft, optimal lokalisering, teknologi og oppdrett av nye artar.
- Nettverk og samarbeid: Leggje til rette for styrking av næringsklynger, møteplassar og kopling til FoU- og kunnskapsmiljø. Det skal stimulerast til fylkesovergripande og internasjonalt samarbeid.



Foto: Tom Gulbrandsen / fotoverden.no

- **Biomarin industri:** Stimulere til auka verdiskaping innan vidareforedling, råstoffutnytting, ingrediensindustri og marin bioteknologi.
- **Sjømat og reiseliv:** Utvikling av nisje- og tradisjonsprodukt, bruk av lokal sjømat og koplingar til reiseliv og til andre matsatsingar.
- **Sjømat og helse:** Informasjon og kunnskap om positive ernærings- og helsevinstar av sjømat og marine produkt.

E3 MARITIME NÆRINGAR

Hordaland har ei komplett maritim klynge kor mange av aktørane er i verdsklasse på sine område. Bergen er største skipsfartsbyen i Noreg, og mange reiarlag har sine hovudkontor her. Den maritime klynga er nest største verdiskapar i regionen. Det fins fleire FoU miljø i regionen med stor relevans for maritim sektor, men samarbeidet og samhandlinga mellom desse miljøa er ikkje gode nok.

Dei maritime næringane konkurrerer i ein global marknad. På Vestlandet har ein lange tradisjonar for internasjonalisering ved å satse på marknadstilpassa løysingar i verdsklasse, som til dømes innan kjemikalietransport, pa-

pirtransport, offshore og nærskipfart. Ei slik utvikling er avhengig av likeverdige og stabile rammevilkår for heile den maritime klynga slik at norsk maritim industri er konkurransedyktig i høve til andre land, særleg EU.

Etter fleire år med høgkonjunktur råka finanskrisa maritim sektor. Rederia opplevde ein fallande marknad som etter kvart har forplanta seg til andre delar av maritim sektor. Såleis har verfts- og leverandøriindustrien blitt ramma av ein alvorleg ordretørke. Sjølv om det er visse tekn til betring, er stoda framleis alvorleg for mange. Ein lengre periode med lågkonjunktur og ordretørke kan svekke den verdsleiande posisjonen denne industrien har. Det er difor viktig at næringa finn andre marknader, som til dømes innanfor utbygging av vindkraft.

Vellukka internasjonalisering vil alltid vere eit sentralt arbeidsfelt, men i ei tid med usikre marknader er det også viktig å styrke samarbeidet og utviklinga av sterke "cluster" mellom dei ulike aktørane i maritim sektor og i forhold til FoU sektoren. Vidare må samarbeidet med dei marine – og energibaserte klyngene styrkast. Næringa må auka satsinga på "clean shipping" for styrke framtidig konkurransekraft. Det må også satsast på forskning, utdanning og rekruttering.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Medvirke til synleggjering av Hordaland som det viktigaste maritime senteret i Noreg.



- Stimulere til auka samarbeid mellom maritim sektor, kunnskapsmiljøa og FoU miljøa i og utanfor Hordaland for å auke maritim kompetanse og utvikling. Gjennomføre tiltak for å sikre langsiktig rekruttering til næringa.
- Stimulere til auka klyngedanning og styrking av det maritime nettverket i fylket. Satse på tiltak for å betre samarbeidet mellom tilgrensande næringsklyngar, til dømes etablering av kompetansesenter for drift og vedlikehald.
- Prioritere tiltak som kan medvirke til nyskaping og omstilling i maritim sektor etter finanskrisa, som til dømes inkubatorverksemd.
- Arbeide for at Hordaland skal bli eit føregangsfylke innan miljøvennleg maritim næring gjennom målretta miljøtiltak og koordinering av miljøprosjekt til dømes utvikling av brenselcelleteknologi i skip.

E4 REISELIV

Reiselivsnæringane er i rask utvikling. Kundane har betre samanlikningsgrunnlag, er meir opplevingsorienterte og stiller større krav til profesjonalitet, eksklusivitet og kvalitet enn for få år sidan. Dette stiller store krav både til næringsaktørane, og dei som legg til

rette både frå offentleg side og frivillig sektor.

Reiselivsstrategien for Hordaland 2009 – 2015 er ei konkretisering innafor Regionalt Utviklingsprogram, som skal vera retningsgivande i arbeidet med utvikling av reiselivet i fylket.

Visjon og mål for arbeidet med reiseliv i Hordaland er at vi skal vera best i Norden innan natur- og kulturbaserte opplevingar. Gjennom samarbeid og innovasjon skal det utviklast bærekraftige tilbod innan kultur- og naturbaserte opplevingar som medverkar til økonomisk levedyktige reiselivsbedrifter og lokalsamfunn. Gjesten sine opplevingar blir danna av reiselivsproduktet han kjøper, men også påverka av staden han er og rammene rundt.

I arbeidet med strategien er fjordlandskapet og kulturbyen Bergen peikt ut som fyrårn.

Fire prinsipp skal medverke til å nå målet om å trekkje fleire nasjonale og internasjonale kundar til Hordaland. Desse er; a) samarbeid i fokus, b) bærekraftig reiselivsutvikling, c) kvalitet og d) marknadsstyrt tilpassing i verdikjeda.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Medverke til produktutvikling innan prioriterte område som natur- og kulturbaserte attraksjonar og opplevingar, matopplevinigar og transporttiltak. Medverke til vidare utvikling NCE-tourism Fjord Norway.
- Medverke til utvikling av tiltak innan heilskapleg områdeutvikling og utvikling av fellesgode. Styrka samarbeid mellom reiseliv og landbruk, for å vedlikehalde kulturlandskapet, betre tilgangen på lokal mat og leggje til rette for eit levande bygdenoreg.
- Leggje til rette for at kompetanse og kvalitetssikring skal vere sentralt i heile reiselivsutviklinga. Mellom satsingsområda er forskning og kompetanseutvikling gjennom VRI og det regionale forskningsfondet.
- Legge til rette for at kvart organiserte reise-mål kan tilby reiselivsaktørane i sin region å marknadsføre seg på FjordNett, ein felles teknisk plattform knytt opp mot visitnorway.com og fjordnorway.com. Leggje til rette for Fjord Norge AS si internasjonale marknadsføring og destinasjonsselskapa sitt samarbeide om marknadsføring på den norske marknaden.

E5 KULTURNÆRINGAR

Kulturnæringane i Hordaland har eit stort sysselsettings- og verdiskapingspotensiale. Dei er dessutan katalysator, motor og inspirator for andre næringsområde og spelar ofte ei viktig rolle i regionale utviklingsprosessar. I reine tal står kulturnæringane i Hordaland fram med ein sysselsettingsdel på 3,5 prosent (7.609 personar) og med ein relativ del av verdiskapinga på 3,1 prosent (rapporten Liden-skap og Levevei, 2007). Desse næringane kan med dette måle seg med viktige andre næringer som til dømes skipsbyggingsindustrien.

I Regionalt Utviklingsprogram har satsinga på kulturnæringar dei seinare åra vore mykje konsentrert om film/media, design og rytmisk musikk. Desse sektorane har dei seinare åra vakse raskare med omsyn til sysselsetting og tal på føretak enn andre delar av kulturnæringane i fylket. For å vidareføre denne veksten, er det behov for å styrkje infrastrukturen rundt næringane, både med omsyn til kommersiell kompetanse, rekruttering, nettverk og utvikling av fullstendige verdikjeder.

Kulturfeltet har verknad for næringsutvikling innan fleire område. Gode modellar og praktiske løysingar som kan delast mellom dei mange festivalane i fylket skal prioriterast. Likeins er det viktig å sjå kulturnæringar basert på arv og tradisjon som ein ressurs i mange område av fylket.



Foto: Aasmund Lien

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Stimulere til auka verdiskaping i kulturnæringane film/media, design og rytmisk musikk ved å styrkje arbeidet med nettverksorganisering, utvikling av sterkare næringsklynger og kompetansetiltak. Medverke til meir komplette næringskjeder med utgangspunkt i Bergen og styrking av location-uavhengige filmproduksjonsfasilitetar.
- Stimulere til å ta i bruk nye medieplattformer og digitale distribusjonsformar, legge til rette for auka kompetanse på dette området og stimulera til samarbeid mellom næring og FoU-aktørar slik at Hordaland skal posisjonere seg som ein framtidretta medieregion.
- Halda fokus på internasjonal kompetanse samt å legge til rette for deltaking i internasjonale nettverk og prosjekt.
- Vidare satsing på design og merkevarebygging som strategisk verktøy og innsatsfaktor for å styrkje verdiskapinga i viktige næringer for Hordaland.
- Utvikle gode modellar og praksisløysingar til nytte for eksisterande festivalar/større arrangement i heile fylket.
- Stimulere til auka verdiskaping basert på kulturarven som ressurs.

E6 LANDBRUK

Hordaland fylkeskommune fekk i 2010 eit utvida medansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken i Hordaland. Viktige omgrep er rekruttering og kompetanseheving.

Jamnogallsidigrekruttering av unge, bådemed omsyn til kjønn, alder, utdanning og kompetanse, er særleg viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Unge er ein viktig og grunnleggande ressurs, ikkje berre som nye bønder og arbeidskraft, men òg ved at dei står for ei fornying. Eit målretta strategisk arbeid for å sikre rekruttering av unge, både til landbruket og til bygdene, er difor ei sentral oppgåve for alle nivå i næringa og forvaltninga.

Mange tek over ein gard etter å først ha skaffa seg ei utdanning og karriere utanfor landbruket. Det er naudsynt å gje desse eit tilbod om kompetanseheving innan landbruksrelaterte

tema og andre tema som vil gjere dei til meir robuste næringsutøvarar.

Livslang læring blir stadig viktigare for å møte dei nye utfordringane i eit samfunn i endring. For landbruket i Hordaland vil det bli avgjerande at bøndene er oppdaterte og har brei og god kompetanse. Det er også naudsynt at det blir oppretta gode koblingar mellom landbruket og forskning innan grøn og blå sektor for å oppnå gode synergjar for næringa.

Landbruket er ein viktig leverandør av mat, men også av fellesgode i form av vakre og velstelte kulturlandskap. For å oppretthalde desse fellesgoda er det viktig med ei robust og livskraftig landbruksnæring med vilje og evne til utvikling og nyskaping. Dei naturgjevne vilkåra for grasdyrking og beitedrift i

Hordaland er mellom dei beste i landet. For å vidareutvikle det tradisjonelle landbruket er det difor viktig å satse på ei lønsam utvikling av desse ressursane. Eit grønt, velstelt og ope kulturlandskap vil også ha stor verdi både for reiselivsnæringa og for alle som bur i fylket. I tillegg vil det bidra til livskraftige lokalsamfunn.

Utfordringane knytt til klima og knapphet på energi er store. Her kan og bør landbruket spele ei viktig rolle som leverandør av til dømes bioenergi og småkraft/vannkraft. Det krevs nytenking og auka satsning på kompetanse for å utnytja det som kan bli viktige inntekstkjelder for landbrukseigedomar.

Særlege innsatsområde for 2011 er:

- Rekruttering og kompetanseheving forankret i Hordaland fylkeskommune sin Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket i Hordaland, RULL.
- Sjå auka satsing på fornybar energi i landbrukssektoren i samheng med Hordaland fylkeskommune som utdanningsaktør.
- Initiere ei auka satsing innan forskning på grøn sektor og koble denne saman med FoU-miljøane innan blå sektor, særleg med omsyn til matsatsing.
- Det skal leggjast til rette for eit tettare samarbeid mellom dei offentlege aktørane innan reiseliv og landbruk i Hordaland.
- Utvikle ein matstrategi for Hordaland, i nært samarbeid med relevante aktørar.



Foto: Fredrik Matheson

Nøkkeltal for dei prioriterte næringane i Hordaland, 2009

	Energi klynga	Den maritime klynga	Den marine klynga	Media- og kulturbasert næringsliv	Reiseliv- og opplevingsklynga
Tilsette	30 271	21 122	4 014	5 699	14 697
Omsetning	163 952 025	84 409 985	25 391 325	8 435 365	13 828 547
Verdiskaping	35 504 870	20 387 422	4 183 814	2 940 705	5 138 718
Driftsresultat	9 707 693	4 403 697	1 912 854	262 437	327 984
Årsresultat	12 304 108	12 365 097	2 388 509	2 073 179	551 664
Føretak	1 680	1 475	1 211	715 (+6395 ENK o.l.)	4 003

Kjelde: Utarbeidd av Ideas2evidence på oppdrag frå Business Region Bergen. (Førebelse tal)

REGIONALE NÆRINGSRETTE VERKEMIDLAR

Pengane som er øymerka tiltak under Regionalt Utviklingsprogram 2011, er i hovudsak statlege overføringar til fylkeskommunen for å styrkja busetjing og verdiskaping. Posten vert supplert med løyvingar over fylkesbudsjettet. Bruken av dei statlege midlane er bunden opp i regelverk som set relativt klare grenser for korleis pengane kan nyttast. Dei fylkeskommunale midlane kan forvaltast noko friare. Også dei andre regionale utviklingsaktørane har næringsretta verkemidlar til fordeling. Felles for dei ulike ordningane er at Regionalt Utviklingsprogram for 2011 er retningsgjevande for bruken av alle offentlege verkemiddel.

■ Fylkeskommunane skal ikkje vere operatør for direkte bedriftsretta verkemiddel, men bruke Innovasjon Norge som operatør.

■ Dei nasjonale midlane skal i hovudsak nyttast innafor det distriktspolitiske virkeområdet (Sone II, Sone III og Sone IV), sjå kartet i figur 1 i vedlegget side 28??. Nokre av midlane kan nyttast utafor virkeområdet for å medvirke til å løyse ut regionale potensial for verdiskaping.

■ Midlane skal ikkje nyttast til å finansiera investeringar i og/eller ordinær drift av statlege, fylkeskommunale eller kommunale ordinære driftsoppgåver eller lovpålagte oppgåver.

■ Midlane skal normalt ikkje nyttast til direkte investering i eigenkapital i verksemdar.

■ Frå 2011 kan fylkeskommunane nytte inntil 5 % av midlane dei sjølv forvaltar til delvis å dekke gjennomføringskostnader ved forvaltning av midlane.



Foto: Ingvar Nistad

Dei nasjonale måla er innarbeidd i måla og dei definerte innsatsområda for RUP. I tillegg ligg det nokre nasjonale føringar for innsatsen som også er retningsgjevande for RUP 2011, kor dei viktigaste er:

- **Kvinner, unge og innvandrarar er prioriterte målgrupper.** Målet er at fleire kvinner skal blir entreprenørar og at kvinneandelen blant nye entreprenørar skal aukast til minst 40 %. Fylkeskommunane blir oppfordra til å arbeide for å nå det nasjonale målet om at 40 % av innsatsen på dei næringsretta midlane skal treffe kvinner innan 2013.

5.1 BUDSJETTPOSTANE UNDER REGIONALT UTVIKLINGS-PROGRAM 2011

Nedanfor følgjer korte, forklarande kommentarar til dei ulike budsjettpostane under Regionalt Utviklingsprogram i 2011. Sjølve budsjettet er vist på side 26.

A BEDRIFTSRETTE VERKEMIDLAR

A. Bedriftsretta verkemidlar

Fylkeskommunen overfører til Innovasjon Norge dei verkemidla som er øymerka bedriftsretta tiltak. Midlane går til einskildbedrifter som lån og ulike former for økonomisk støtte. Det er inngått eigen avtale mellom Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune som regulerer pengebruk, rapportering og samarbeidet mellom partane.

Fylkeskommunen ser på dette arbeidet som svært viktig, og overfører i 2011 40,0 mill kr. Dei bedriftsretta virkemidlane utgjer 48,6 % av dei statlege overføringane.

B TILRETTELEGGING FOR NÆRINGSUTVIKLING

Verkemidlane som er lagt inn under denne posten, rettar seg mot dei sentrale utfordringane i Regionalt utviklingsprogram, og har som siktemål å realisera tyngda av dei næringspolitiske målsettingane som er utpeika for prioriterte innsatsområde og næringer med særlege føremoner i Kap. 4. Under denne posten ligg også midlane til tettstadutvikling.

Delar av denne posten er politisk bundne midlar til NCE Subsea, VRI programmet, Kulturelt utviklingsprogram og eit prosjekt for auka inngåande flytrafikk og betre kommunikasjonar for næringslivet over Flesland (FLY BGO).

C REGIONALE NÆRINGSFOND

Det er i 2011 ein kraftig auke i midlar avsett til dei regionale næringsfonda. Desse skal forvaltast lokalt, og medverke til å løyse ut verdiskapingspotensialet i fylket sine regionar. Mid-

lane skal nyttast i tråd med prioriteringane i Regionalt Utviklingsprogram for Hordaland 2011.

Det ligg stor eigenverdi i at mange, særleg små kommunar, samarbeidar om utviklingsprosjekt. Dette gjev synergjar både i relasjon til kompetanseutvikling / erfaringsutveksling og med tanke på å bli utfordra på å tenkje vidare enn sin eigen kommune. Det legg også eit godt grunnlag for større, og meir kapitalkrevjande tiltak / prosjekt om fleire kommunar står saman.

D OMSTILLING OG NYSKAPING

Tiltaksområdet "Omstilling og nyskaping" er eit verkemiddel som skal nyttast til tiltak i område som står framfor omfattande utfordringar knytt til sysselsetting og omstilling i næringslivet. Sårbare område (kommunar eller regionar) vil vere område med store hørnesteinsbedrifter, stort innslag av konjunkturavhengige bransjar eller næringsliv prega av omfattande omstrukturering.

Denne ekstraordinære innsatsen må differensierast ut frå omfang på utfordringane og kva for problem kvar einiskild kommune eller re-



Foto: Christian Romberg

gion står overfor. Omstillingsløyvinga må sjåast i nær samanheng med andre verkemiddel innafor RUP 2011. Fylkeskommunen vil ha eit særleg fokus på tiltak innan kompetanseheving, innovasjon i eksisterande næringsliv og nyskaping.

I bruken av desse midlane er det lagt til grunn at nokre særlege område med særskilte utfordringar vil stå i fokus. Dette gjeld særskilde tiltak i kommunane Fedje, Vaksdal, og i Hardanger. I 2011 vil det også bli vurdert om nokre av omstillingsmidlane skal kunne nyttast til spesielle utfordringar knytt til sentrale verksemdar i kommunane Kvinnherad, Kvam, Stord/ Fitjar og Lindås/Austrheim. Utfordringane i leverandørindustrien til petromaritim sektor vil også ha spesiell merksemd.

E TIL RÅDVELDE FOR REGIONALT NÆRINGSFORUM

Regionalt Næringsforum (RNF) er sett saman av ressurspersonar med relevant og omfattande kunnskap om næringslivet i fylket. Det

er ønskeleg å utnytte denne kompetansen, og stille til rådvelde midlar som RNF kan forvalte på eit noko friare grunnlag enn elles.

RNF har vedteke retningsliner for korleis desse midlane kan utløyast. Intensjonen er å setje i verk utviklingsprosjekt av strategisk karakter.

F INTERNASJONALT UTVIKLINGSARBEID

Posten skal primært gå til førebuing og gjennomføring av næringsretta prosjekt saman med vennsksregionane våre. Det er ein konkret ambisjon om å utvikle det næringsretta samarbeidet med desse regionane. I tillegg skal posten nyttast til å støtte opp under deltaking i internasjonale program som til dømes INTERREG.

Oversikta på neste side viser fordelinga av dei fylkeskommunale verkemidlane som er øymerka gjennomføring av Regionalt Utviklingsprogram i 2009 og 2010, og framlegget til deling i 2011.

BUDSJETTOVERSIKT REGIONALT UTVIKLINGSPROGRAM (RUP) 2009 – 2011

REGIONALT UTVIKLINGSPROGRAM (RUP)		Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
		Endeleg ramme	Endeleg ramme	Førebelse rammer
A. Bedriftsretta verkemidlar: Forvalta av Innovasjon Noreg	Til satsingsområda i RUP	35.890.000	36.260.000	39.150.000
	Entreprenørskapsarbeid	750.000	750.000	850.000
	"Ny Vekst"	3.360.000	4.990.000	⁰¹⁾
	SUM INNOVASJON NOREG	40.000.000	42.000.000	40.000.000
B. Tilrettelegging for næringsutvikling inkludert midlar øyremerkt gjennom egne politiske vedtak	Næringar med særlege føremoner:	18.569.000	18.560.000	20.528.000
	- Energi			
	- Marine næringar			
	- Maritime næringar			
	- Reiseliv			
	- Kultur næringer 1			
	Livskraftige lokalsamfunn			
	Næringsretta kompetanse			
	Entreprenørskap og innovasjon			
	Internasjonalisering			
	NCE Subsea	500.000	500.000	500.000
	Kulturelt utviklingsprogram		1.000.000 ²⁾	1.000.000 ²⁾
	FLY BGO		1.500.000	1.500.000
VRI - programmet	1.400.000	1.680.000	1.680.000	
SUM TILRETTELEGGING	20.469.000	23.240.000	25.208.000	
C. Regionale næringsfond	Regionvis fordeling:			
	- Sunnhordland	2.303.000	2.230.000	
	- Hardanger	2.183.000	2.513.000	
	- Nordhordland	595.000	879.000	
	- Osterfjorden	633.000	714.000	
	- Bjørnefjorden	545.000	473.000	
	- Voss	791.000	841.000	
	- Fjell, Sund og Øygarden	450.000	350.000	
SUM REG. NÆRINGSFOND	7.500.000	8.000.000	10.820.000	
D. Omstilling og nyskaping	Områdetiltak:			
	- Indre Hardanger		425.000	
	- Kvam / Ålvik	3.000.000		
	- Tysnes	200.000		
	- Vaksdal		500.000	
	- Fedje og Masfjorden	800.000	2.160.000	
	- Nyskaping i inkubatorar m.m.	2.500.000	2.500.000	
	- Omstilling maritim sektor		2.415.000	
	- Frie midlar	2.500.000		
SUM OM- OG NYSKAPING	9.000.000	8.000.000	7.000.000	
E. Til rådvelde for Reg. næringsfor.	Verkemidlar for særskilde tiltak (fyrtårn, o.l.)	400.000	300.000	300.000
F. Internasjonalt utviklingsarbeid	Næringsretta samarbeid med vennsregionane.	680.000	600.000	600.000
TOTAL RAMME		77.969.000	82.140.000	83.928.000

- 1) NyVekst utgår som eige program frå 2011.
Midlar til dette formålet inngår i dei øvrige overføringane til Innovasjon Norge
- 2) I tråd med Fylkestinget sitt vedtak skal 1 million nyttast til Kulturelt Utviklingsprogram

5.2 ANDRE REGIONALE NÆRINGSRETTA VERKEMIDLAR

Regionalt Utviklingsprogram legg føringar for den samla næringsretta verkemiddelbruken i Hordaland. Fleire av dei regionale utvikling-saktørane i Hordaland har eigne næringsretta verkemidlar. Desse er:

Hordaland fylkeskommune

har også andre midlar til næringsrelaterte prosjekt og tiltak. Desse vert fordelte gjennom eigne, og varierende ordningar. Oversikta nedanfor viser dei ulike ordningane:

- Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift
- Breibandssasting/digital infrastruktur i Hordaland
- Midlar frå sal av konsesjonskraft
- Fylkeskommunale midlar til næringsføremål utanom Regionalt Utviklingsprogram
- Særskilde, fylkeskommunale, næringsrelaterte satsingar i 2011

Innovasjon Noreg Hordaland

har følgjande ordningar:

- Bygdeutviklingsmidlar
- BU-stipend
- Rentestønad
- Etablerartilskot
- Utviklingstilskot
- Risikolån/lågrisikolån
- IFU/OFU, - Industrielle forsknings- og utviklingskontraktar
- EU-fond for utviklingsprosjekt i nye EU-land
- Miljøteknologiordninga
- MARUT, - utviklingstiltak maritim sektor
- Marint verdiskapingsprogram
- ARENA programmet

- NCE programmet (Norwegian centre of expertise)
- Bedriftsnettverk
- FRAM, - fleirbedrifts strategiutviklings- og kompetanseprogram
- NAVIGATOR, - fleirbedriftsprogram internasjonal kompetanse
- Internasjonal Vekst, - støtte til internasjonaliseringsprosessen for SMB
- Høyvekst programmet, kompetansetilbud og internasj.tilbud for "born globals"
- EEN, - EU-rådgjeving (European Enterprise Network)
- Designsatsinga, - Isbrytarordninga
- Ung gründar
- Kvinner i Fokus, - Kvinnesatsinga

Fylkesmannens Landbruksavdeling

har følgjande ordningar:

- Midlar til bygdeutvikling
- Rentestønad og investeringsmidlar forvalta av Innovasjon Noreg
- Diverse tilskott

NAV Hordaland

har følgjande ordningar:

- Individuelle (integrering) og Institusjonelle (skjermet) arbeidsmarknadstiltak
- Stønad til jobbskapingsprosjekt
- Dagpengar under etablering

Noregs Forskningsråd

har følgjande ordningar:

- Forny Vest
- VRI programmet
- Skattefunn
- Brukarstyrte program
- SFI (Sentre for forskingsdriven Innovasjon)
- Regionalt forskingsfond (samarbeid med Rogaland og Sogn- og fjordane)

Midlane som er knytt til desse ordningane er viste i vedlegget på side 26 og 27.

Oversiktene nedanfor viser omfanget av sentrale, offentlige verkemidler som er til rådvelde for næringsrelaterte utviklingstiltak i Hordaland i 2011.

Tala frå dei ulike verkemiddelaktørane byggjer i stor grad på førebelse løyvingar, og korrigeringar må påreknast.

Hordaland fylkeskommune (HFK)			
Post, kapittel, o.l overført / til rådvelde	Stikkord for verkemiddelbruken	Ramme 2011 i kroner	Merknader
Regionalt utviklingsprogram (RUP) 2011			
A. Bedriftsretta verkemidler (søkbare)	Direkte bedriftsstøtte til utvikling, innovasjon og investeringar.	40.000.000	Forvalta av Innovasjon Norge
B. Tilrettelegging for næringsutvikling (søkbare midlar)	Diverse satsingsområde (sjå tabell 5.1 side 26).	20.528.000	HFK/Adm. fordelar etter individuell søknadshandsaming
C. Bundne midlar Diverse prosjekt	Diverse prosjekt, næringsfond og omstilling mm. (sjå tabell 5.1. side 24)	23.400.000	Fordelest etter vedtak i Fylkesutvalet/RNF
Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift	Regionale utviklingstiltak, særleg knytt til kompetanse og infrastruktur	48.300.000	Fylkesutvalet godkjenner plan etter forslag frå Regional styringsgruppe. Tal for 2010.
Breibandsutbygging i Hordaland	Utvikling av breiband/digital infrastruktur i heile fylket.	5.900.000	Fylkesutvalet fordelar. Tal for 2010.
Konsesjonskraftmidlar Søkbare midlar 2010 og 2011	Til investeringar i større regionale prosjekt som skapar noko unikt for heile eller delar av fylket.	12.000.000	Fylkesutvalet fordelar
Andre fylkeskommunale midlar til regionale utviklingsformål i 2011	Til rådvelde for næringsføremål Driftskostnader / Innovasjons tiltak Prosjekt / institusjonar med førebelse driftstilskot	16.408.000	Fylkesutvalet fordelar
Marin tilskottsordning	Rekruttering, arealbruk og miljøtiltak	15.000.000	Fylkesutvalet fordelar
SUM:	Regionale utviklingsmidlar	181.536.000	

Innovasjon Noreg, Hordaland			
Post, kapittel, o.l overført / til rådvelde	Stikkord for verkemiddelbruken	Ramme 2011	Merknader
Bygdeutviklingsmidlar	Tilskot til tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar	23.200.000	Overført frå FMLA
Rentestøtte	Til investeringar innan tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar	5.800.000	Tilskotseffekten, Overført frå FMLA
Utviklingstilskot i sentrale strok	Tilskot til nyetableringar og SMB med internasjonalt potensiale	3.000.000	
Utviklingstilskot/risikolån distrikt, etablerarstipend	Tilskot/risikolån til innovasjon og nyskaping distriktsområdet og til etablerarstipend i heile fylket	40.000.000	Overført frå Hordaland fylkeskommune
Lågrisikolån	Lån med god sikkerhet til fiskeri, landbruk, industri, reiseliv etc.	195.000.000	Omtrentleg del av sentral ramme, inkl. overføring frå FMLA
Risikolån/Garanti	Lån med svak sikkerhet til innovasjon og internasjonalisering	60.000.000	Omtrentleg del av sentral ramme
Diverse tilskot	Landedekkande tilskottsordningar med sentral ramme til innovasjon og nyskaping i nye eller etablerte bedrifter	75.000.000	Omtrentleg del av sentrale rammer

NAV Hordaland

Post, kapittel, o.l overført / til rådvelde	Stikkord for verkemiddelbruken	Ramme 2011	Merknader
Kap. 0634, post 76	Tiltaksmidlar for alle målgrupper, herav Jobbskapingssjokjekt 850.000	664745000	Ramme for hele 2011
Kap. 2650, post 73	Tilretteleggingstilskott inkl. honorar til bedrifts helsetjenester	28500000	Ramme for hele 2011
Kap. 605, post 70	Tilskott til helse- og rehabiliteringstjenester for sjukemeldte	19760000	Ramme for hele 2011

Bergen kommune

Post, kapittel, o.l overført / til rådvelde	Stikkord for verkemiddelbruken	Ramme 2011	Merknader
Næringsretta utviklingsmidlar 2011	Kulturbaserte næringar, frie midlar	850.000	Totalt løyvd til kulturbasert næring er 6,9 mill.
	Nettverksorganisasjonar	4.158.000	
	Stimuleringsmidlar	2.500.000	
	Business Region Bergen	10.514.000	

Norges Forskningsråd (NFR)

Post, kapittel, o.l overført / til rådvelde	Programmer/prosjekter	Ramme 2011	Merknader
Virkemidlar for regional forskning og utvikling	Basismidler	8 000 000	
	Verifiseringsmidler	2 300 000	
	- Sum	10 300 000	
	SKATTEFUNN	150.000.000	Forventa skatte fråtrekk / tilskot

Fylkesmannens Landbruksavdeling (FMLA)

Post, kapittel, o.l overført / til rådvelde	Stikkord for verkemiddelbruken	Ramme 2011	Merknader
Bygdeutviklingsmidlar	Verkemidlane er knytt opp mot Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2007 – 2009. FMLA forvaltar felles utviklingsmidlar, medan bedriftsretta investerings- og utviklingsmidlar vert løyvd gjennom Innovasjon Noreg	3.633.765	Utviklingsmidlar ved FMLA
		23.220.000	Bedriftsretta midlar overført til Innovasjon Noreg
	Rentestøtte, låneramme	58.000.000	Overført til Innovasjon Noreg
Statlege prosjekt	Frukt og bær rundt neste sving 2008-2012	10.000.000 (over 5 år)	Administrert av FMLA Sogn og Fjordane

FIGUR 1: Soneinndeling for dei distriktspolitiske verkemidlane

SONE 1

Utafor det distriktspolitiske verkemiddelområdet

Lindås	Fjell
Øygarden	Sund
Meland	Os
Osterøy	Stord
Askøy	Bergen

SONE 2

Midlar til næringsutvikling

Austrheim	Bømlo
Radøy	Sveio
Fusa	

SONE 3


Som sone 2 + midlar til bedriftsstøtte/ "lav sats"

Masfjorden	Kvam
Fedje	Voss
Modalen	Kvinnherad
Vaksdal	Tysnes
Austevoll	Fitjar
Samnanger	Etne
Granvin	

SONE 4

Som sone 3, men bedriftsstøtte/ "høy sats"

Ulvik	Odda
Eidfjord	Jondal
Ullensvang	



Sone 1
Sone 2
Sone 3
Sone 4

FIGUR 2: Soneinndeling for differensiert arbeidsgjevaravgift

FORKLARING

Sone 1: Full arbeidsgjevaravgift (14,1%)

Sone 1a: Omfatta av kompensasjonsordning for arbeidsgjevaravgift. 10,6% arbeidsgjevaravgift inntil "fribeløpet", deretter 14,1%


Sone 2: Redusert arbeidsgjevaravgift (10,6%)

Kommunar i sone 2

Masfjorden	Ullensvang
Fedje	Odda
Granvin	Eidfjord
Ulvik	

Kommunar i sone 1a

Etne	Jondal
Bømlo	Kvam
Kvinnherad	Tysnes
Modalen	



Sone 2
Sone 1a
Sone 1

Regionale tiltakskontor

Askøy kommune	Postboks 323, 5323 Kleppestø		
Bård Sandal	56 15 84 71	postmottak@askoy.kommune.no	www.askoy.kommune.no
Bergen kommune	Boks 7700, 5020 Bergen		
Elin Sjødin Drange	55 56 74 19	elin.drange@bergen.kommune.no	www.bergen.kommune.no
Bjørnefjorden Næringsutvikling (BNU)	Kommunehuset i Samnanger, 5650 Tysse		
Tone Ramsli	56 58 74 00	tone.ramsli@samnanger.kommune.no	
GODE SIRKLAR AS	Postboks 289, 5342 Straume		
Sigmund Kvernes	56 32 02 00	sigmund.kvernes@sintef.no	www.godesirklar.no
Hardangerrådet	Boks 78, 5782 Kinsarvik		
Leiv Vambheim	53 67 14 50	post@hardangerradet.no	www.hardangerradet.no
		leiv@hardangerradet.no	
Osterfjord Nærings samarbeid	Industrikonsulenten på Osterøy, Hatland, 5282 Lonevåg		
Lars Mjøs	56 19 22 70	lars.mjøs@osteroyindustrilag.no	www.osteroyindustrilag.no
Regionrådet Nordhordland IKS	Boks 13, 5902 Isdalstø		
Elin Folgerø Styve	56 37 58 87	post@nordhordland.net	www.nordhordland.net
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Boks 444, 5403 Stord		
Gro Jensen Gjerde	53 45 67 90	gro.jensen.gjerde@samarbeidsraadet-sunnhordland.no	www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no
Vik Voss Samarbeidsråd	Uttrågt. 9, 5700 Voss		
Anders Gjøstein	56 51 94 00	anders.gjostein@voss.kommune.no	www.voss.no

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune	Boks 7900, 5020 Bergen		
Næringsjef: Mette Nora Sætre	55 23 91 19	mette-nora.saetre@post.hfk.no	www.hordaland.no
Innsatsområde:	Kontaktperson:	Telefon	E-postadresse
Energi	Arthur K. Arnesen	55 23 93 01	arthur.arnesen@post.hfk.no
Marine næringer	Siri Hanson	55 23 92 86	siri.hanson@post.hfk.no
Maritime næringer	Arthur K. Arnesen	55 23 93 01	arthur.arnesen@post.hfk.no
Reiseliv	Berit Vetlejord	55 23 99 95	berit.vetlejord@post.hfk.no
Livskraftige lokalsamfunn	Jorun Gjørwad	55 23 95 68	lorun.gjorwad@post.hfk.no
Kulturnæringer	Yngvar Hagala	55 23 93 15	yngvar.hagala@post.hfk.no
Entreprenørskap og innovasjon	Torill Monstad	55 23 92 92	torill.monstad@post.hfk.no
Internasjonalisering	Lars Tveit	55 23 93 21	lars.tveit@post.hfk.no
Omstilling	Øystein Imset	55 23 92 88	oystein.imset@post.hfk.no
Næringsretta kompetanse	Gurid Ihler	55 23 93 47	gurid.ihler@post.hfk.no

Fylkesmannen i Hordaland – Landbruksavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland – Landbruksavdelinga	Boks 7310, 5020 Bergen		
Tlf.: 55 57 21 40		postmottak@fmho.no	www.fylkesmannen.no/hordaland

Innovasjon Norge – Hordaland

Innovasjon Norge – Hordaland	Boks 7322, 5020 Bergen		
Tlf: 55 55 93 55		hordaland@innovasjonnorge.no	www.innovasjonnorge.no/Fylke/Hordaland/

NAV Bergen, Hovedkontor for Hordaland

NAV Bergen	Boks 7230, 5020 Bergen		
Tlf: 55 54 33 00/ 815 81 000		nav.kontaktsenter@nav.no	www.nav.no/hordaland

Norges Forskningsråd

Norges Forskningsråd	Kaigaten 9, 5015 Bergen		
Tlf: 55 55 93 40		ama@forskningsradet.no	www.forskningsradet.no





Dei sentrale samarbeidspartnarane i Regionalt utviklingsprogram er:

Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga • Bergen Kommune • LO: LOs distriktskontor Hordaland • Fiskeridirektoratet, Region vest • Universitetet i Bergen • Norges forskningsråd • Innovasjon Norge, Hordaland • NHO Hordaland • Arbeids- og velferdsforvaltningen (NAV) Hordaland • KS Hordaland • Hordaland fylkeskommune: Regionalavdelinga, Opplæringsavdelinga



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt. 5,
Postboks 7900,
5020 Bergen
Telefon 55 23 90 00